

2007

Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtatt sak 9/2008

i Sirdal sokneråd sitt møte 5. mars.

1. Organisasjon

A. Soknerådet si verksemd

Samansettning

Aud Ingrid Løland Fidjeland – leiar, Ola Lindeland – nestleiar, Tone Marit Bjørnestad, Margrethe Handeland, Inger Johanne Ousdal og Solbjørg Tjørhom.

Svein Hompland - kommunal representant, Sigurd Flydal - geistleg representant

Per Øyvind Grimsby – 1. vara, Johannes Hompland – 2. vara

Saker

Soknerådet har i 2007 hatt 5 møte og behandla 44 saker. Møta har vore på Lunde skule og Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje. 16 saker har vore soknerådssaker og 27 har vore fellesrådssaker. Etter kvart har ein fått ein grei fordeling mellom dei ulike sakene.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med året som har gått har mellom anna vore Sirdal som grøn kyrkjelyd og plan for verksemda med visjon for soknerådet sitt arbeid. Ein har også sett i gong planarbeidet for å gjere alle kyrkjene tilgjengelege for handikappa og få handikaptoalett ved Tonstad kyrkje.

Soknerådet har oppnemnd følgjande underutval og arbeidsgrupper:

Kyrkjelyd administrasjonsutval

Aud Ingrid Fidjeland

Ola Lindeland

Margrethe Handeland

Per Sverre Kvinlaug, arbeidstakarrepresentant (KFO)

Hanne Fodstad, arbeidstakarrepresentant (MFO)

Forhandlingsutval:

Solbjørg Tjørhom

Per Øistein Rogstad (dagleg leiar)

Gudstenesteutval

Arnhild Bjørndal

Anne Turid Solberg Garnica

Inger Johanne Ousdal

Gunnlaug Seland

Hanne Fodstad

Sigurd Flydal

Undervisnings- og konfirmantutval

Trine R. Ousdal

Ester Tjørhom

Torill Tjørhom

Laila Øksendal

Per Sverre Kvinlaug

Diakoniutval Tonstad

Tone Marit Bjørnestad

Kent Seland

Laila Øksendal

Diakoniutval Øvre Sirdal

Aud Ingrid Fidjeland

Karen Kristine Sinnes

Anna Kvæven

Asta Lunde

KN-komite

Anders Berg

Steinar Tjomlid

Per Sverre Kvinlaug

Syskenringen(repr. frå kyrkjelyden)

Ola Lindeland

Sigurd Flydal

Per Sverre Kvinlaug

B. Tilsette

Ester Tjørhom

Wei Xiao

Karl Edvald Fjeldsaa

Målfrid Kvæven

Anna Maria Gaomska-Mücke

Birgitte Kvinlaug

Arne Skregeli

Hanne Fodstad

Per Sverre Kvinlaug

Per Øistein Rogstad

Birgitte Kvinlaug

Kyrkjetenar i Kvævemoen kapell

Reinhaldar i Kvævemoen kapell

Kyrkjetenar/reinhaldar i Lunde kyrkje

Reinhaldar i Lunde kyrkje

Kyrkjetenar i Tonstad kyrkje (slutt 01.12.2007)

Reinhaldar i Tonstad kyrkje

Kyrkjetenar/reinhaldar i Haughom kapell

Organist (100%, arbeidsstad alle kyrkjer)

Kyrkjelydsarbeidar

dagleg leiar for fellesrådet

Reinhaldar på Kyrkjesenteret

2. Statistikk for kyrkjelydsarbeidet

Statistikk	2005	2006	2007
Gudstenester o.l.	77	76	76
Deltakrar	5590	5295	5179
Snitt pr gudsteneste	72,6	69,7	68,1
Konsertar	14	13	12
Tilhøyrarar	1120	1080	1010
Dåp	16	21	17
Konfirmantar	23	17	13
Vigslar	4	4	5
Gravferdar	22	18	27

3. Rekneskap

	2007	2006
Driftstilskot, kommune	2204000	2080000
Tilskot andre driftstiltak	200000	200000
Momskompensasjon	193980	118380
Investeringstilskot, kommune	0	0
Tilskot frå staten	79000	81000
Avsetting til Salmebøker		30000
Avsetting til handikapinngang		50000
Årets overskott/underskot:	-22000	16940
Diposisjonsfond		
Rest konto Øvre Sirdal	35098	50098
Rest konto Tonstad	26816	41816
Avsett til salmebøker	30000	30000
Handikapinngang, kyrkjene	13045	50000
Disposisjonsfond pr 31.12:	279536	301536
Sum disposisjonsfond	384495	473451
Ofringar til andre organisasjoner	142100	143710
Innsamling til Fasteaksjonen	46478	47283
Offer til kyrkjelydsarbeidet	20548	20538
Kollekter ved konsertar	15161	15137
Ofringar ved gravferd	12161	21650

4. Verksemda – administrasjon, bygg og anlegg

A. Kyrkjene

Mål for 2007:

- Gjennomføre brannsikringstiltak i kyrkjen
- Gjennomgang av høgtalaranlegga i kyrkjene
- Sette i gang planarbeid for å gjere kyrkjene tilgjengelege for funksjonshemma.
- Vurdere alternative løysingar til møterommet på Kyrkjesenteret.

Brannvarsling kom på plass i Haughom og Kvævemoen. Alle kyrkjene er kopla opp mot alarmsentral hos Brannvesenet i Sør-Rogaland. For å betre rømmingstilhøva frå galleria, blei det montert brannstiger både i Tonstad og Lunde.

I Lunde kyrkje blei måling av karmar rundt vindauge fullført av Tom Johansen. Med gode prisar fekk vi også rusta opp sakristi og toalett i Haughom.

Nye høgtalaranlegg kom på plass i løpet av året både i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell. I tillegg blei det kjøpt inn trådlaus mikrofon til Lunde kyrkje. Nå har vi dermed fått tradlause mikrofonar i alle kyrkjene. Tidlegare måtte soknepresten ta med seg den eine frå kyrkje til kyrkje.

Det ble sett i gong planarbeid for å få på plass tilgang for funksjonshemma i Lunde kyrkje, Haughom kapell og Kvævemoen kapell. I tillegg er det lagd utkast til handikaptoalett ved Kyrkjestova på Tonstad. Å få gjennomført desse tiltaka må bli prioritert i dei kommande åra. Handikaptoalett ved Kyrkjestova på Tonstad vil også kunne opne for ei

rimeleg ombygging av eksisterande bygg. Bygget vil kunne bli meir teneleg til bruk i kyrkjelyden, både til møte, konfirmantundervisning og kyrkjecaffi.

B. Kyrkjegardane

Mål 2006:

- *Legge til rette for kompostering ved kyrkjegardane*

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Kyrkjegardane er stadig i utvikling. På Skeihaugen skal det plantast ein ny hekk mot aust. I løpet av våren 2007 skal alle kyrkjegardane få kompostering, dette er eit tilbod som vi håpar dei som steller graver vil nytte seg av. Når det gjeld klargjering av dei nyaste felta på Skeihaugen, må dette gjerast ferdig våren 2007.

Gravstell

Arvid Træland steller gravene ved Skeihaugen og Haugom kyrkjegard. Mai Bente Bjordal steller gravene ved Lunde kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 8 graver på Skeihaugen, 11 på Lunde kyrkjegard, fire på Kvævemoen og ein på Haugom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på at eit dødsbo eller at dei pårørande betalar inn ein sum som står disponibel for gravstell. Frå 2003 fekk vi fleire som ønskte å betale inn gravstellet år for år.

C. Kyrkjesenteret

Mål 2007:

- *Opprusting av kontoravdelinga*

Husvære i 2. etasje er for tida utleidd. 1 etasje brukast til kyrkjekontor, mens i kjellaren det har fram til 01.01.2007 blitt leidt eit kontor for Åpne Dører, for reisesekretær Ole Lilleheim. Speidararbeidet ligg for tida nede og Åpne Dører sa opp avtala frå 01.01.2007. I løpet av 2007 har kontoravdelinga blitt rusta opp. Oppsparte midlar på huskontoen blei nytta til måling av kontora til sokneprest, organist og dagleg leiar, i tillegg til gong og møterom/spiserom. Den gamle nålefiltan som var på prestekontor og møterom blei bytta ut med korkfliser.

Den kommunale ferievikaren gjorde ein god jobb med vask av huset utvendig. Huset er godt vedlikehaldt

D. Arbeidsgjevaransvar

Nye stillingsomtalar for reinhaldarar og kyrkjetenarar blei vedtatt i januar 2007. Frå 1. januar 2007 tok Wei Xiao til som reinhaldar i Kvævemoen kapell og Anna Maria Gadomska-Mücke som kyrkjetenar i Tonstad kyrkje. Anna sa diverse opp stillinga si frå 01.12.2007. Då stillinga blei utlyst på hausten, fekk vi to søkjavarar. Administrasjonsutvalet tilsatte Tone Marit Bjørnestad, og ho starta 01.01.2008. Takk til Anders Berg og Lars Audun Fodstad, som var villige og vikarierte som kyrkjetenarar på dugnad i året som gjekk. John A. Omlid og Karl Edvard Fjeldsaa har også stilt opp. Ingrid Berg, Sverre Eftestøl, Arne Bjørn Hetland, Galib Mammadov, Oddbjørn Stakkeland og Kristin Valle, har alle vikariatet som organistar i året som har gått.

5. Verksemda - kyrkjelyd

A. Gudstenesteliv

Mål 2007-2010:

- *At gudstenestene kan involvere og engasjer nye grupper i kyrkjelyden.*

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som arbeider for å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2006 vore arrangert mellom anna:

Allsangkveld og årsfest i Lunde kyrkje 11. februar

Friluftsgudsteneste på Kvinen Langfredag 6. april og Olsok (29. juli)

Friluftsgudsteneste på Runtleneset 28. mai

Fellesgudsteneste med Valle og Bykle på Roskrep kraftstasjon 26. august

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkene. Det har vore vekslande frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod. 22. juli var det vandretur på gamlevegen frå Guddal til Selstrand etter gudstenesten i Tonstad kyrkje og på friluftsgudstenesta på Runtleneset blei det gjennomført ei vandring. I tillegg blei også fellesturen til Kvinen turiststasjon i juli arrangert som Naturlos-tur. 12. august leia Steinar Tjomlid ein kyrkjetur til Totland ved Lunde.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Berit Espeset som til dagleg er sokneprest i Sørnes kyrkjelyd i Sola, var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Ho hadde mellom anna ansvar for andakten i Ålsheia på skjærtorsdag. Familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan har blitt eit

populært tilbod for mange turistar over 100 var til stades i 2007. Også andakten på Josdal er godt innarbeid. Tore Haugom er ein trufast andaktsholdar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia.

B. Kyrkjemusikk

Mål 2007-2010:

- *At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Hanne Fodstad gjer ein flott jobb med Tonstad Blandakor og Tonstad Barnekor. 23 var med i blandakoret og barnekoret samlar 19 songarar. Kristin Valle er dirigent for Bone Vox med 5 jenter.

Per Sverre Kvinlaug samlar framleis ein flott ungdomsflokk i ungdomskoret. Koret har for tida om lag 20 medlemmar. Saman med ungdomskora Kvinlog og Kefas, dro dei til Paris i påska. Turen blei gjennomført i samarbeid med NMS. Kora besøkte Håpets senter som kyrkjelyden på Tonstad har støtta i mange år. Dei hadde også konsert i ei luthersk kyrkje i sentrum av storbyen.

I Øvre Sirdal kom det til ei spennande nyvinning i barnearbeidet. Barnekoret Sing Bell og sundagsskulen har gått saman om å arrangere storsamlingar i kjellaren i Kvævemoen kapell ca ein gong i månaden. På desse samlingane er både kor og sundagsskuleopplegget Sprell levande viktige ingrediensar. Oppslutning har vore god om desse samlingane, med om lag 20 ungar.

I tillegg til allsongkvelden hadde vi mange flotte konsertar:

- 20. februar hadde Sing Bell, Tonstad Barnekor og Bone Vox konsert med Odd Jakobsen på Tonstad Bedehus
- 11. mars konsert i Tonstad kyrkje med ungdomskora Kefas, Kvinlog og Sirdal
- 29. mars konsert i Tonstad kyrkje med Ann-Mari Edvardsen Alexis og Oddbjørn Stakkeland
- 6. juni konsert i Kulturhuset med Sing Bell, Tonstad Barnekor og Bone Vox
- 10. juni framførte Sirdal Blandakor og Olav Mosdøl syngespelet Songen frå Sion i Tonstad kyrkje.
- 16. juli Orgelkonsert med Ghislain Gourvennec i Tonstad kyrkje
- 9. september framførte Sirdal Blandakor og Olav Mosdøl Songen frå Sion i Kvævemoen kapell under Bygdedagane.
- 21. desember song Sirdal Blandakor julatinn i Tonstad kyrkje

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette område. Speidarane og KRIK har ikkje vore aktive i år. Aktiviteten til KRIK har vore heldt i gang med å ha yngres-KRIK og KRIK-kveldar for Øvre Sirdal ungdomsklubb. Skulelaget har lag både på ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Øvre Sirdal ungdomsklubb er i godt gjenge. Dei fleste i målgruppa er innom klubben i løpet av året. Nytt av året er dei nye storsamlingane for barn frå 4 -13 år i Kvævemoen kapell. Dette er eit samarbeid mellom barnekoret Sing Bell og sundagsskulen på Tjørhom. Dette har blitt tatt godt imot med god oppslutning.

Laurdag 8. desember var det felleskristeleg ungdomsgudsteneste i Tonstad kyrkje. Det var eit samarbeid mellom Filadelfia, Åpent hus på Bedehuset og Sirdal Ungdomskor.

D. Diakoni og misjon

Mål for perioden

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.*
- *Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane*

Misjon

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeider blant afrikanske studentar samt innvandrarar med ulik bakgrunn. Dette er eit særskilt viktig arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnen. Påska 2007 reiste Sirdal ungdomskor til Paris, der dei mellom anna besøkte Håpets senter. Turen var eit samarbeid med Kvinlog ungdomskor og ungdomskoret Kefas frå Kvinesdal.

Øvre Sirdal støtta eit misjonsprosjekt i Aserbajdsjan der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Det nye soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.

Diakoni og eldrearbeid

Diakoniutvala arrangerte eldrefest i Tonstad kyrkje 6.mai. Diakoniutvala har delt ut songbaka Syng Med til alle 75 åringer. Dei andre jubilantane fekk ein bordkallendar eller blomar.

Nytt av året var å arrangere middag for dei som kunne feire 50 år som konfirmantar. Det var små kull på femtitalet, men likevel blei det ein fin flokk som kosa seg med gudsteneste i Tonstad kyrkje, middag på Kvæven kro og omvising på Sirdal Fjellmuseum.

Vegkyrkje og open kyrkje

For første gong på mange år blei det ikkje arrangert korkje vegkyrkje eller open kyrkje i nokon av Sirdals kyrkjer. I samarbeid med fjellmuseet var det likevel mogleg å besøke Kvævemoen kapell denne sommaren også. Fleire nyttar seg av tilbodet.

Under Sirdalsdagane var det eit nytt tilbod som soknerådet gjerne følgjer opp. NMS si misjonsforeining på Tonstad hadde kafé i kapellkjellaren. Dei selde også lodd til basaren deira og viste ein presentasjon av misjonsprosjekta. Diktaren Olav Mosdøl hadde samstundes ei salsutstilling av nokre flotte dikttavler med eigne dikt i kapellet.

E. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen som har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. Per Sverre Kvinlaug brukar ein del av stillinga si i dette arbeidet.

Hausten 2006 blei det satt i gong Alpha-kurs på Lunde skule. Dette blei avslutta i mars i 2007. På hausten arrangerte syskenringen tre fellesskapskveldar på grendehuset på Tjørhom.

Adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntenning på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement. I Advent blei det også arrangert ei felleskyrkjeleg ungdomsgudsteneste i samarbeid mellom bedehuset, Filadelfia og kyrkja.

F. Informasjonsarbeid

Mål for perioden:

- *Vidareutvikle nettstad og Kyrkjesida i Sirdølen*

Dette er eit prioritert område. Både dagleg leiar og kyrkjelydsarbeidar bruker tid til dette arbeidet. Vi meiner framleis at det er teneleg å ha Kyrkjesida i Sirdølen. Den er ein viktig informasjonskanal. Nettstaden har framleis godt besøk. Sidan omlegginga i september 2004 har vi hatt meir enn ein million treff. Gjennom den når vi ut til ulike grupper. Avisen Agder er stadig innom og hentar notisar til avisene. Ein viktig informasjonskanal er sms-varsling. Dette er mykja nyttar i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men kan også med hell nyttast mot vaksne.

6. Framtidsutsikter

I arbeidet med budsjett 2007 og økonomiplan 2008-2011 formulert soknerådet desse måla:

A. Mål for 2008-2011

- Vidareutvikle organisasjonen etter at dei to gamle sokna blei slått saman til Sirdal sokn 01.01.2006
- At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring.
- At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet
- At gudsteneste kan involvere og engasjere nye grupper i kyrkjelyden
- At vi kan ta vare på kyrkjene slik at dei også i framtida er gode og tenelege bygg for den lokale kyrkja.
- Ombygging av Kyrkjestova til eit meir brukarvenleg lokale.
- Vurdere alternative løysingar til møterommet på Kyrkjesenteret.
- At alle kyrkjene bli tilrettelagt for funksjonshemma
- At kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.

B. Prioriteringar 2008

- Få på plass handikapptilgang til Haughom kapell
- Male vinduskarmane i Tonstad kyrkje innvendig
- Puter til Lunde kyrkje
- Utarbeide kostnadsoverslag for handikapptilgang til Kvævemoen og Lunde
- Utarbeide konkrete planar med kostnadsoverslag for Kyrkjestova